



Martin sit ved roret til oselvaren «Oladilt».

Seglarveka for store

Førre veka var det seglarveka for oselvarar i Våge. Primært var det vaksne som ville læra seg å segla som deltok.

Det er torsdag. Eldsjela Kjell Magnus Økland nyttar sommardagane sine til å læra nye menneske å segla. Han lærde sjølv kunsten på ei seglarveke, og ynskjer no å bringa lærdommen vidare.

Båtlaget held alle oselvarane i seglarveka, med unntak av ein. Den eig Dagfinn Birkeland (60) frå Radøy. Båten er hundre år gammal, og nyleg pussa opp. Økland beundrar den gamle oselvaren.

– Slik var båtane opphavleg. Dei andre oselvarane her er berre moderne regattamasinar, tykkjer han.

Startøving

«Tysnes» får koma oppi båten som Dagfinn seglar. Kona og

sonen har teke den gamle oselvaren, så Dagfinn må nøya seg med ein som båtlaget eig. I oselvaren har Dagfinn med seg Martin Flygansvær (56) frå Radøy. Båtane øver seg no på startfasen i ein regatta. Kjell Magnus har lagt ut to blåser som skal markera kvar startlinja ligg. Han bles i fløyta og set opp eit flagg. Det er seks minutt til start.

– Utfordringa ligg i å manøvrera inn mot startlinja til rett tid, slik at ein har fart på båten når starten går, forklarar Økland.

– Me ligg ulovleg nære startlinja, tykkjer Dagfinn.

Oselvaren vår tek ein sirkel, og ligg perfekt til. Kjell Magnus bles; regattaen har starta. No gjeld det å få best start. Me er nesten ved startlinja, men me står i ro!

– Enorm fart me har, spørker Dagfinn. Martin trur ikkje me kjem over linja i det heile. Vinden har forsvunne, og me driv sakte inntil eine blåsa.

– No må du passa på, Martin, så me ikkje får tau i propellen, smiler Dagfinn.

Efterkvart sig me over startlinja, som fyrste båt.

– Om lag to minutt etter starten gjekk, opplyser Kjell Magnus. Me skuldar på lite aktivitet i luftmassane.

Laber vind

– Kva som skjer med vinden? klagar ein bergensar. Bjørnefjorden er blikkstille, og segla heng slappe. Innimellan blafrar dukane fram ein von i seglarane, men så vert det stilt att. Kjell Magnus meiner vinden har snudd hundreogåtti grader.

– Vind som endrar seg i styrke og retning er krevjande å segla i, forklarer Økland.

Me andre undrast kva vind han snakkar om.

Nybyrjarar

Både Martin og Dagfinn har

motorbåt heime, men har aldri prøvd segling før. Dei vil begge læra seg kunsten for å kunne nytta oselvarar dei eig.

– Når eg fyrst har lagt ut mykje pengar og tid på å pussa båten opp, lyt eg nesten læra å brukha han, meiner Dagfinn.

Kjell Magnus fortel at dei fleste på seglarveka er nybyrjarar når det gjeld segling, men er samstundes båtvande. Læreprosessen har difor gått ganske fort.

Og Martin og Dagfinn er samde med læremesteren:

– Me får skryta litt av oss sjølve, og seiia at me klarar oss bra, smiler dei.

Av Ole Kristian Drange